



SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Protokoll for generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS 26. juni 2017 – kl. 1100 på Strandtun, Sandane

Frå aksjonærane møtte:

Sogn og Fjordane Holding v/ Sigurd Reksnes etter fullmakt	3 560 902	aksjar
BKK AS v/ Jannicke Hilland	2 850 413	aksjar
Gloppen kommune v/ Leidulf Gloppestad	248 455	aksjar
Askvoll kommune v/ Frida Melvær	106 290	aksjar
Bremanger kommune v/ Audun-Åge Røys	177 575	aksjar
Flora kommune v/ Jon Henrik Nygård etter fullmakt	333 632	aksjar
Selje kommune v/ Stein Robert Osdal	102 599	aksjar
Eid kommune v/ Alfred Bjørlo	10 703	aksjar
Naustdal kommune v/ Håkon Myrvang	5 536	aksjar

100,00 % av aksjekapitalen var representert.

Dessutan møtte:

Sogn og Fjordane Energi AS v/styreleiar Per Atle Kjøllesdal
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsjef Johannes Rauboti
Sogn og Fjordane Energi AS v/konserndirektør økonomi og finans Martin Holvik
Sogn og Fjordane Energi AS v/konserndirektør strategi Erling Sande
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Geir Magne Enebø
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Oddmund Årdal
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsekretær Birgith Hjelle Roset
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesrådmann Tore Eriksen
Flora kommune v/ Terje Heggheim
Gloppen kommune v/ Ingolf Aagård
Deloitte AS v/revisor Helge-Roald Johnsen

Sak nr. 17/GF-001: Val av møteleiar

Samrøystes vedtak:

Sigurd Reksnes vert vald som møteleiar.

Sak nr. 17/GF-002: Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Samrøystes vedtak:

Jannicke Hilland vert vald til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

Sak nr. 17/GF-003: Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak nr. 17/GF-004: Fastsetting av rekneskap og disponering av overskot for 2016, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2016 for Sogn og Fjordane Energi AS

Samrøystes vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2016 med eit overskot på kr 154.234.702 for morselskapet og kr 189.296.730 for konsern og ein totalbalanse på kr 4.215.994.851 for mor og kr 6.326.681.000 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte på kr 10,43 pr. aksje, totalt kr 77.141.375.
3. Generalforsamlinga godkjenner slik disponering av årsoverskotet i mor-selskapet:

Overført til annan eigenkapital:	kr 41.844.534
Overført til fond for vurderingsforskjellar	kr. 35.248.793
Avsett til utbytte:	kr 77.141.375
<u>Sum disponert:</u>	<u>kr 154.234.702</u>

4. Generalforsamlinga tek styret si melding 2016 til vitande.

5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til vitande.

Sak nr. 17/GF-005: Godkjenning av honorar for revisor

Samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2016 på kr 241.000,- for morselskapet og kr 506.000,- for konsernet totalt.

Sak nr. 17/GF-006: Utsteding av teikningsrettar

Styret tilrår generalforsamlinga å gjere slikt vedtak:

1. Teikningsrettar for framtidig aksjeteikning
 - a) Kvar teikningsrett gjev rett til å teikne to nye A-aksjar og ein ny B-aksje, totalt 3 aksjar. Teikningsretten kan ikkje splittast.
 - b) Teikningsrettane kan berre teiknast av eksisterande aksjeeigarar i selskapet på avgjerdstidspunktet.
 - c) Det vert totalt utsteda 189 709 teikningsretter, som vert fordelt på dei med teikningsrett i samsvar med eigarandelen idag.
 - d) Frist for teikning av teikningsrettane er 14 dagar etter generalforsamlinga si avgjerd om utsteding av teikningsrettane. Teikningsrettane vert teikna i generalforsamlingsprotokollen.
 - e) Teikningsrettane er vederlagsfrie.
 - f) Teikningsrettane kan ikkje omsettast.

Selje kommune har framsett endringsforslag gjeldande dette punkt f). Aksjonæren foreslår følgande nytt punkt f): «Teikningsrettane er omsettelege mellom aksjonærane i selskapet.» Generalforsamlinga vedtok endringsframlegget einstemmig.

- g) Teikningsretten kan berre bli brukt på ordinær generalforsamling, og i ein periode på 14 dagar etter denne. Teikningsretten vert brukt i ein periode på 14 dagar etter generalforsamling kvart år i perioden 2017-2020 ved å oversende skriftleg melding med informasjon til styret om dei teikningsrettane som vert brukt. Betaling for aksjane må gjerast seinast 28 dagar etter generalforsamling til bankkonto angjeve av selskapet.

Gloppen kommune har framsett endringsforslag gjeldande dette punkt g). Aksjonæren foreslår at første teikningsperiode, dvs teikningsperioden etter ordinær generalforsamling i 2017, skal utvidast til 11. september 2017. Endringsforslaget innebærer at teikningsrett i 2017 vert brukt ved å oversende skriftleg melding med informasjon til styret om teikningsrettane som vert brukt seinast 11. september 2017. Aksjonæren foreslår i den samanheng at betalingsfristen for aksjane i 2017 vert forlenga til 18. september 2017.

Aksjonæren foreslår såleis følgande nytt punkt g):

«Etter ordinær generalforsamling i 2017 kan teikningsretten brukast inntil 11. september 2017. Teikningsretten kan etter ordinær generalforsamling i 2018-2020 berre bli brukt på ordinær generalforsamling, og i ein periode på 14 dagar etter denne. Teikningsretten vert brukt ved å oversende skriftleg medling med informasjon til styret om dei teikningsrettane som vert brukt. Betaling for aksjane må gjerast seinast 28 dagar etter generalforsamling til bankkonto angjeve av selskapet. Betalingsfristen for aksjane i 2017 er 18. september 2017»

Generalforsamlinga vedtek endringsforslaget einstemmig.

- h) Vederlaget som skal ytast for nye aksjar som vert teikna i henhold til teikningsrettane framkjem av oppstillingen under. Aksjeinnskot i pengar er einaste tillatte innskotsobjekt. Kvar teikningsrett utgjer totalt 3 aksjar, teikningskurs per teikningsrett er derfor aksjekurs multiplisert med 3.
- Teikning i knytt til ordinær generalforsamling i 2017 skjer til teikningskurs NOK 615,19 per aksje
 - Teikning i knytt til ordinær generalforsamling i 2018 skjer til teikningskurs NOK 663,60 per aksje
 - Teikning i knytt til ordinær generalforsamling i 2019 skjer til teikningskurs NOK 706,69 per aksje
 - Teikning i knytt til ordinær generalforsamling i 2020 skjer til teikningskurs NOK 750,50 per aksje

Kursen skal korrigerast for samla utbetalt utbytte i teikningsperioden, men ikkje for resultat. I teikningskursen for 2017 og seinare år er det korrigert for avsett utbytte for 2017. Seinast fire veker før ordinær generalforsamling skal styret sende melding til teikningsretthavarane, med opplysning av aktuell teikningskurs.

- i) Aksjonærane får rett til å teikne aksjar i forhold til eigarandel. Dette innebærer at kvar aksjonær står fritt med omsyn til bruk av eigne teikningsrettar, men slik at ingen aksjonær, eller aksjonærgruppering som naturleg må vurderast samla, etter bruk av teikningsrett kan ha ein eigarposisjon som overstig 49,9999 % av det totale talet på aksjar og stemmer i selskapet. Aksjonærane sine interesser vert vurdert til å vere tatt i vare ved at kvar aksjonær får retten til å teikne seg for nye aksjar.
- j) Fristen for å bruke retten til å kreve utstedt nye aksjar er 26.06 i 2020. Gjenstående teikningsrettar som ikkje er brukt innan fristen fell vekk ved utløp av fristen.
- k) Ved avgjerd om auke eller nedsetting av aksjekapitalen, ved ny avgjerd om utsteding av teikningsrettar, eller ved oppløysing, fusjon, fisjon eller omdanning er rettighetshavaren sin stilling at dei i forkant skal varslast særskilt og få ein frist på 14 dagar til å eventuelt bruke retten til å krevje utstedt nye aksjar før generalforsamlinga kan treffe endelig avgjerd om forhold som nemnt over. Utover dette gir teikningsretten ingen særskilte rettar for rettighetshavarane som innehavar av

teikningsrettar. Teikningskursen fastsett på siste ordinære generalforsamling vil vere gjeldande teikningskurs i desse tilfella.

- l) Dei nye aksjane gir rett til utbytte frå tidspunktet for registrering av nyutstedte aksjar i Foretaksregisteret.
- m) Styret får fullmakt til å gjere dei nødvendige vedtektsendringar i samband med teikningsretthaverane sin bruk av teikningsretten. Styret sørger for melding til Foretaksregisteret om endring av aksjekapital og vedtekter ved teikningretthaverane sin bruk av teikningsrett.

Generalforsamlinga vedtek utsteding av frittstående teikningsrettar i samsvar med styret sitt framlegg, men justert for endringane som er angjeve over. Generalforsamlinga sitt vedtak vart gjort einstemmig.


Det vart deretter foretatt følgende teikning:

Sogn og Fjordane Holding AS teikna seg for 91 334 teikningsretter.




Sogn og Fjordane Holding AS
v/ Sigurd Reksnes etter fullmakt

BKK AS teikna seg for 73 111 teikningsrettar.




BKK AS
v/ Jannicke Hilland

Flora kommune teikna seg for 8 558 teikningsrettar.



FOR Flora kommune
v/ Ola Teigen

Gloppen kommune teikna seg for 6 374 teikningsrettar.


Gloppen kommune
v/ Leidulf Gloppestad


Bremanger kommune teikna seg for 4 556 teikningsrettar.


Bremanger kommune
v/ Audun-Åge Røys

Askvoll kommune teikna seg for 2 727 teikningsrettar.


Askvoll kommune
v/ Frida Melvær


Selje kommune teikna seg for 2 632 teikningsrettar.


Selje kommune
v/ Stein Robert Osdal

Eid kommune teikna seg for 275 teikningsrettar.


Eid kommune
v/ Alfred Bjørlo

Naustdal kommune teikna seg for 142 teikningsrettar.



Naustdal kommune
v/ Håkon Myrvang

Sak nr. 17/GF-007: Val av medlemmer til styret og valnemnda

Samrøystes vedtak:

Frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Styreleiar: Per Kjøllesdal (ikkje på val)

Personleg vararepr.: Sigurd Reksnes (ikkje på val)

Styremedlem: Arvid Lillehaug (ikkje på val)

Personleg vararepr.: Henrik Oppen (ny)

Styremedlem: Olin Johanne Henden (ikkje på val)

Personleg vararepr.: Hogne Bleie (ikkje på val)

Frå BKK:

Nestleiar: Nestleiar Birger C. Schönberg (ikkje på val)

Personleg vararepr.: Arne Andreas Riisnes (ny)

Styremedlem: Anne Marit Steen (attval)

Personleg vararepr.: Ketil Konglevoll (ny)

Frå kommunane:

Jan Helge Dale (ikkje på val)

Personleg vararepr.: Leidulf Gloppestad (ikkje på val)

Valnemnda sitt framlegg til valnemnd i SFE:

Jenny Følling (leiar) (ikkje på val)

Jannicke Hilland (ikkje på val)

Leidulf Gloppestad (ikkje på val)

Sak nr. 17/GF-008: Fastsetting av honorar for styremedlemer.

Valnemnda sitt framlegg:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

Styreleiar Fast honorar på kr 166.000.

Nestleiar	Fast honorar på kr	92.000
Medlem	Fast honorar på kr	79.700

Varamedlem Møtehonorar på kr 4.640.

Til medlemmer av revisjonsutvalet vedtek generalforsamlinga følgjande godtgjersle:

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 27.000

Det vert ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste til styremedlemmer eller medlemmer av revisjonsutvalet.

Sogn og Fjordane Holding AS framsette endringsforslag gjeldande punktet om tapt arbeidsforteneste. Aksjonæren foreslår slikt punkt:
«Det vert utbetalt tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanleg deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune»

Endra godtgjersla gjeld frå 01.07.2017

Generalforsamlinga gjorde slikt samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

Styreleiar	Fast honorar på kr	166.000.
Nestleiar	Fast honorar på kr	92.000
Medlem	Fast honorar på kr	79.700

Varamedlem Møtehonorar på kr 4.640.

Til medlemmer av revisjonsutvalet vedtek generalforsamlinga følgjande godtgjersle:

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 27.000

Det vert utbetalt tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanleg deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Endra godtgjersla gjeld frå 01.07.2017

Sandane, 26. juni 2017


Sigurd Røksnes


Jannicke Hilland